



Innkalling til Kommunestyret

Møtedato: 11.05.2016
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: **16:30 MRK!**

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Frå kl. 16:30-17:00 vil det verte ein gjennomgang i bruk av møteportalen.

Det vert følgjande orienteringar:

- Nye Region Bergen reiseliv v/Ole Warberg (reiselivsdirektør, Bergen reiselivslag)
- Sambandet Vest v/Ivar Ådlandsvik (dagleg leiar i Sambandet Vest)
- Flyktningfadder-ordninga
- Reguleringsplan tema som måtte gå ut under folkevaldopplæringa i mars v/sektorsjef teknisk Anny Bastesen
- Områdeplan Midtmarka v/plankonsulent Alexander Helle

Sakliste

Saknr	Tittel
39/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
40/2016	Godkjenning av møtebok
41/2016	Referatsaker
42/2016	Orientering om status kommunestruktur
43/2016	Selskapskontroll Meland kommune 2016 - 2019
44/2016	TV-overføring av kommunestyremøte
45/2016	Søknad om fritak frå politiske verv
46/2016	Innmelding i sykkelbynettverket

12. mai 2016

Øyvind Oddekalv
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
39/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
40/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Godkjenning av møtebok frå møte 27.04.16

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 27.04.2016

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Møtebok frå møte 27.04.16 vert godkjent.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
41/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
41/2016.1	Meland kontrollutval - Oppdatert versjon av møteprotokoll frå møte 11.04.16

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		16/1157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Orientering om status kommunestruktur

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 216	16/958

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Selskapskontroll Meland kommune 2016 - 2019

Vedlegg:

Plan for selskapskontroll Meland kommune 2016 - 2019 - Oppdatert versjon
Meland kontrollutval - Oppdatert versjon møteutskrift frå sak 16/16 i møte 11.04.16 - Plan for selskapskontroll

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til saksutgreiing frå kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 060	16/920

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

TV-overføring av kommunestyremøte

Vedlegg:

Meland Kommune - KommuneTV.pptx

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I informasjonsplanen som vart vedteken av kommunestyret i 2013 har vi sett som mål i punkt 4.8 Lokaldemokratiet å starte video-overføring av politiske møte via webkamera.

Bakgrunnen for dette tiltaket er eit mål om å styrkje lokaldemokratiet.

Meland kommune skal på ein best mogeleg måte leggje til rette for at innbyggjarane får innsikt i, og forståelse for korleis kommunen og det politiske arbeidet er organisert og fungerer.

Vurdering

Rådmann meiner det er rett at det nye kommunestyret får høve til å bestemme om vi skal setje i gang dette tiltaket. Unasett må kommunestyret løyve midlar både til innkjøp av utstyr og driftsutgifter, då dette ikkje er inne i budsjettet for 2016.

Kva møte som skal overførast via Web-tv må kvart utval få høve til å uttale seg om. I første omgang tenkjer rådmann at det er greitt å starte med kommunestyremøta. Det er likevel ikkje noko til hinder for å overføre alle politiske møte, og rådsmøter.

IKT Norhordland har kome med tilråding om teknisk løysing og kostnad for å få denne løysinga på plass. Den løysinga som er vald er Aventura, då denne har ei god løysing inn mot Acos. Løysinga er og i bruk i fleire andre kommunar td hjå kommunane i Sunnfjord.

Ein nærare presentasjon av tilrådd løysing går fram av vedlegget.

Folkehelse: Ikkje avklart om dette påverkar folkehelsa. For nokon kan tv overføring opplevast slitsamt og stressande og hindre dei i å gå på talarstolen. For andre kan dette føre til inspirasjon og auka engasjement.

Miljø: Det at innbyggjarane kan sitje heime og fylgje med på politiske møte vil spare transport til og frå rådhuset.

Økonomi: Det vil koste noko å skaffe utstyr og programvare, samt årlege driftsutgifter. Den løysinga vi har vurdert som mest aktuell vil koste om lag kr 120 000,- i anskaffelse og instalasjon, og om lag kr 2 035,- i løpande driftsutgift pr måned. Det er mogeleg å få redusert driftsutgiftene om fleire kommunar tek i bruk løysinga.

Konklusjon

Råmann meiner tiltaket med tv-overføring av kommunestyremøta via web er eit godt tiltak for å styrkje lokaldemokratiet. Vi kan på ein enkel måte spreie informasjon om saker og kunnskap om politisk arbeid.

Det vil gjere det lettare for innbyggjarane å halde seg orientert om saker som er til handsaming og få eit innblikk i korleis dei politiske organa jobbar med sakene. Mange kommunar har teke i bruk tilsvarende løysingar, og rådmann har ikkje registrert negative erfaringar frå desse kommunane.

Når det gjeld finansiering av utstyr og etablering inntil kr 120 000,- meiner rådmann dette kan takast av unyttta lånemidlar.

Månadleg avgift om lag kr 2 035,- må takat innanfor det orinære driftsbudsjettet. For 2016 vert det om lag kr 14 245,-. (Har då lagt til grunn 7 månaders drift i 2016). Vi må prøve å få med fleire av kommunane i Nordhordland slik at vi oppnår rabatt. Får vi med 2-3 andre kommunar får vi 20 % rabatt på løpande utgifter.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret i Meland er positive til å starte opp overføring av politiske møte via web.

Kommunestyret godkjenner at det vert brukt inntil kr 120 000, av unyttta lånemidlar for å få på plass naudsynt utstyr og programvare for kommuneTV- løysing.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FA - C83, TI - &16	16/1185

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Søknad om fritak frå politiske verv

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politiske verv

Søknad om fritak frå politiske verv

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har per 02.05.16 motteke søknad frå Ida Cecilie Alvær om fritak frå politiske verv. Søknaden er ikkje avgrensa i tid, og administrasjonen legg til grunn at han då gjeld for resten av perioden.

Søknaden er i tilleggsskriv grunngjeven med personlege tilhøve, med særskilt vekt på omsorgsoppgåver og familiesituasjon.

Ida Cecile Alvær har desse verva: Varamedlem til kommunestyret og varamedlem til Utval for levekår.

Vurdering

I samsvar med kommunelova § 15 kan kommunestyret etter søknad frita for eit kortare tidsrom eller for heile perioden «*den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.*» Av kommentarutgåva til kommunelova går det fram at fritaksgrunn i første rekkje vil vere søkjar sine arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar som gjer det ekstra byrdefylt å oppfylle dei plikter som vervet medfører.

Søkjar har gitt utfyllande opplysningar om bakgrunnen for søknaden i tilleggsskriv, dat. 02.05.16 (ikkje off.) Slik administrasjonen vurderer desse opplysningane vil søknaden ligge innanfor dei kriteria som gjeld for fritak. Administrasjonen vil såleis tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecilie Alvær fritak frå alle politiske verv ut perioden. For vervet som varamedlem til kommunestyret rykkjer varamedlem frå same gruppe opp i den nummerorden dei er valde i. For vervet som varamedlem til ULK må det veljast nytt varamedlem. Den nye varamedlemmen skal då kome frå same partigruppe, jf. kommunelova § 16.

Det har elles vist seg at det kan vere grunnlag for at valstyret, ev. kommunestyret gjer eit suppleringsval til den aktuelle varalista. Dette spørsmålet er under utgreiing og vil kome opp som ei eiga sak.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka.

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen tilrå at kommunestyret innvilgar Ida Cecile Alvær fritak frå alle politiske verv ut kommunestyreperioden. Varamedlem til kommunestyret rykkjer opp i den nummerorden dei er valde i. For varamedlem til Utval for levkår må det gjerast nytt val.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode. Som nytt varamedlem til Utval for levkår vert vald.....»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - L05	15/533

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
46/2016	Kommunestyret	PS	11.05.2016

Innmelding i sykkelbynettverket

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune tek del i det statlege Utviklingsprogrammet for byregionar, kalla Byregionprogrammet (ByR) 2015- 2017, i tråd med formannskapet sitt vedtak i sak 45/2015, møte 22.04.2015. Dei andre kommunane som tek del er Lindås, Fjell og Os. Programmet skal auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland for å styrke den regionale vekstkrafta i desse områda. I vår region har programmet tre fokusområde:

- Framtidas bustader og buområde
- Arbeidsplassar og næringsliv
- Felles gang- og sykkelstrategi

Felles gang- og sykkelstrategi har sykkel som spesielt fokus. Målet er å auke sykkelandelen i kommunane til minimum 8 prosent av alle reiser i samsvar med Nasjonal sykkelstrategi 2014-2023 – Sats på sykkel! Ein større andel reiser på sykkel gir mange fordeler for både enkeltpersonar og samfunnet som heilskap. Sykkel er meir miljøvennleg, betre for folkehelsa, gir mindre press på vegnettet og lagar mindre støy enn bruk av bil.

På nasjonalt nivå er det Statens vegvesen som har sektoransvar for sykkel. Vegvesenet driv Sykkelbynettverket som er eit sykkel fagleg nettverk for ansatte i kommunar, fylkeskommunar og vegvesenet sjølve. Sykkelbynettverket er gratis og åpent for alle kommunar og fylkeskommunar som ønskjer å vere med. I dag er 80 kommunar og 15 fylkeskommunar medlemmer.

Mål for arbeidet i Sykkelbynettverket er:

- Heve kompetansen i tilrettelegging for sykling blant medlemmene
- Formidle erfaringer frå deltakande byer og tettstader
- Skape arenaer for dialog, diskusjon og informasjonsutveksling mellom medlemmene

Vurdering

I Byregionprogrammet er alle dei andre kommunane i prosjektgruppa (Fjell, Os og Lindås) medlemmer av Sykkelbynettverket. Gruppa er no i en fase der det er viktig å heve kompetansen blant medlemmene, og Sykkelbynettverket er en sentral ressurs for å bidra til denne kompetansehevinga. For å sikre at eit godt arbeid i Byregionprogrammet er det difor viktig at Meland også vert medlem av Sykkelbynettverket.

I samfunnsdelen til Kommuneplanen er det satt som mål at Meland skal ha ein effektiv, trygg og miljøvennleg infrastruktur. Gode gang- og sykkelveggar er sentralt for å sikre denne målsetninga. Administrasjonen ser det som viktig å auke eigen kompetanse på område for å sikre gode sykkelveggar i plan- og utviklingsarbeidet.

Folkehelse – Satsing på sykkel er positivt for folkehelsa

Miljø – Satsing på sykkel er positivt for miljøet

Økonomi – det er gratis å vere medlem i sykkelbynettverket

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Meland kommune melder seg inn i Sykkelbynettverket.»